


# ISFLAKET



Organ for Ishavsmuseets Venner  
Nr. 2/ 2005 juni 7. årgang

## **Gode lesar!**

Som gutunge sat eg ein kveld for mange år sidan og lytta på ein gamal fiskar som fortalte om livet på havet. Han var god til å fortelje. Eg lytta med opne sansar. Eg spurde om det var farleg å vere fiskar. - Ja, forliste gjorde vi ofte og stundom vart vi berga og stundom inkje, helst inkje, svara han med glimt i augo.

Historia om den sunnmørske selfangsten er også rikeleg forsynt med forlis; med tap av skuter og dessverre alt for ofte også tap av mannskapet om bord. Dette veit vi. Det er ikkje til å kome forbi. Og vi som er opptekne av kva som gjekk føre seg i ishavet i gamle dagar, vert lett dregne mot dei dramatiske hendingane. Dette bladet vil sjølvsagt også i framtida skrive om forlis; til og med i dette nummeret av bladet.

Men for dei av vår ætt - i vid meinung - som la ut frå Ålesund og stemnde nordvest mot fangsfelta, var ishavet ein arena der dei skaffa seg levebrødet. Det som for oss lett vert drama, var for selfangarane arbeid for føda. Det var oppfylling av voner. Ikkje alltid vart vonene oppfylte. Når ulykkene kom, var det som avbrot på den jamne kvardagen. Dei fleste ishavsveteranar eg har kjent, fortalte helst om andre ting enn stormar og forlis. Dei fortalte helst om den gode turen då dei lasta skuta på nokre dagar. Dei mintest tider då prisane var gode. Om gode stunder i lugaren med lampen tend. Eller om pussige episodar på turane.

Slik var også bestefar min som eg lytta mykje til i oppvæksten.

Vi som driv dette bladet, tek altså gjerne mot stoff om kvardagslivet på fangstskuta. Ei historie treng ikkje vere dramatisk for å interesse oss og deg.

Det er alltid kjekt å få reaksjonar på det vi skriv. I dette nummeret har vi også med eit par slike.

Vi takkar alle som skriv i bladet.  
Vi ynskjer deg ein god sommar!

Brandal 08.06.05 Beste helsing Finn Sindre Eliassen, redaktør

Styret i Ishavsmuseets Venner:

Johan Ole Brandal - formann, Ragnhild Overvåg, Tor Riise – kasserar,  
Hans Petter Brandal sekretær, Jan Bigset, Oddfrid Kleppe , Ottar M. Brandal.  
Isflaket: Finn Sindre Eliassen, Havtor Hovset og Webjørn Landmark  
Ishavsmuseets Venner, 6062 BRANDAL - <http://home.no.net/ishavsmv/>



Dugnad blir det også på museet kvar tysdag frametter sommaren. Vi vonar at mange finn det kjekt å vere med på desse dagane.

Tønna til "Polaris" (II) er no koma til Brandal og oppreist ved Ishavsmuseet. Det står enno igjen noko arbeid med mast og tønne, men i løpet av sommaren vil alt ha kome på plass.

Skuta vart opphøgd i Fredrikshavn, Danmark hausten 2004, og det er dei tre venane av museet Jostein Hovland, Ole Christen Røren og Johannes Alme som har stått i brodden for dette arbeidet.

"Polaris" var den første stål selfangar bygd i Norge, på A.M. Liaaen i 1950 -51. "Polaris" var også den første som då hadde innebygd og opvarma tønne, og skuta kunne også manøvrerast i frå tønna. Sjølv om skuta har hatt mange ombyggingar og namneskifte, er tønna framleis slik den var original. Det er såleis ein unik gjenstand som no er komen attende til Brandal og Ishavsmuseet.

"Polaris" var tilhørande i Brandal til 1972 då Rieber overtok skuta. I 1978 vart den overført Rieber avd. Canada (Polaris V).

I 1986 kjøper Monica Kristensen skuta og den skiftar no namn til "Aurora".

I 1992 vert Eidesvik Supply AS ny eigar av skuta som får namnet "Geo Boy". I 2000 blir "Geo Boy" til "Polarboy" og den var igjen klar for selfangst.

Medisinkista til "Hird" som var omtala i førre nr av Isflaket er no koma med i utstillingane rundt Grønlandshistoria og ekspedisjonane. Denne medisinkista vart teken på land av skipskontrollen i Ålesund for å hindre at "Hird" gjekk til Grønland sommaren 1927. Skuta var ikkje sjødyktig vart det sagt. Dei kom seg likevel avgare i ly av nattemørket og kom seg velberga over havet til Grønland. Seinare på hausten forliste "Hird" under ein storm medan den låg forankra.


Mange fleire gjenstandar har også kome til i år, så du kan finne masse nytt i utstillingane denne sesongen.

I konferanseromet vil det kontinuerlig i heile sesongen bli vist gamle og nye ishavsbitar på storskjerm. Om lag 1200 biletar vil ligge å rulle over skjermen.

Følg med på [www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no) for nyhende og arrangement på Ishavsmuseet.

Webjørn

Ishavsmuseet har hatt ein god start på sesongen med den beste mai månad på mange år. Vi gler oss stort over at fleire bedrifter, lag og organisasjonar finn vegen til museet med blåturar, dagsturar med buss og selskap. Ishavsmuseet held no ope kvar dag frå kl. 12-17, med søndagskafè kvar søndag.



Tønna under montering.

## **På sildefiske med "Elida" ved Island 1905.**

Av Torleif Ulfseth

*I førre utgåve av Isflaket skriv Webjørn Landmark om skipper Olaf Thorsen Nedrelid og blant anna om seglskuta hans "Elida" i storstorm på overseglinga til Noreg. Eg har leita fram eit notat som eg har gjømt på sidan far min fortalte om denne heimreisa etter avslutta sildefiske ved Island med seglskuta "Elida" hausten 1905. Av dette notatet har eg laga eit lite skriv slik at andre også kan forstå innhaldet.*

*Far min, Sivert Ulfseth (f. 0202 1878) var skipsførar, og vart på folkemunne berre kalla Syver.*

Far min fortalte om heimreisa frå Island etter sildefiske med garn. Silda vart salta i tønner av tre og stuva i rommet. Sildefiske var over, og det vart gjort klart for heimreise. Dekkslukene vart skalka og all dekkslast surra med vaier og stropper. Seglføringa vart gjort klart for langfart og kursen sett for norskekysten og Sunnmøre.

På turen heim fall brått barometerstanden dramatisk. Det vart halde skipsråd for å klargjere kva som måtte gjerast for å sikre skuta for ein storm som kunne kome ut av den lave barometerstanden. Skipsrådet kom til at dei måtte sette skuta i stand for å vere førebudde på det verste. Alle mann var på dekk for å utføre det rådet kom fram til. Seglføringa vart minska, og alt anna vart gjort klart for storm. Når alt var klart skulle mannskapet gå under dekk. Lugardørene vart bolta og surra, og ein stor dekksplanke som var brukt under sildesaltinga vart montert som vern mot brotsjørar. Stormen kom som sleppt ut av ein sekk. Syver som var førar av "Elida" tok på seg alt ansvar for styring og rorbruk av båten på den vidare ferda til stormen gav seg.

I 36 timer rasa stormen utan opphald. "Elida" var ei god sjøskute, den var spesiell god på låringa. (når storm og sjø kom bakfrå). Den tid var ror, kompass og natthus plassert på opne dekk utan noko vern. Far fortalte at han sikra seg med tauverk fast kring aktermasta og rundt livet. Elles ville han verte skylt over bord når dei største sjøbrota kom.

Nokon kurs mot Noreg i slikt ver kunne ein ikkje tenke på. Det var å halde kursen rett unna veret. På det verste var vinden så kraftig at sjødrevet stod kompakt midt opp i stormasta. Seglføringa var lita, og det vesle som var reiste sin veg i stormen. Logga viste av og til opp i seks knop med berre riggen som segl.

Konklusjonen som mannskapet kom til når dei fekk kome på dekk etter stormen, var at han Syver og Gud hadde berga dei.

Hovdebygda 12.03.05

Torleif Ulfseth




## Veslekari i Polar Record

Kjell-Gudmund Kjær frå Tromsø har vore ein av Ishavsmuseet sine venner heilt frå Henrik Landmark si tid. I si yrkesaktive karriere var Kjær salsrepresentant for Norsk Hydro, med store deler av Europa som virkefelt. På reisene knytte han kontaktar med personar i det ishavshistoriske miljøet i Storbritannia. Kjær har i samarbeid med britiske ressurspersonar skrive artiklar om kjende ishavsfartøy i tidsskriftet *Polar Record*, som blir utgjeve av Scott Polar Research Institute (SPRI) ved universitetet i Cambridge. Skuter som *Dammark*, *Hekla*, *Belgica* og *Gjøa* står på Kjær si publikasjonsliste. Det same gjer den velkjende nordnorske ishavsskuta *Quest*, som ei tid tilhørde den britiske polarforskaren Ernest Shackleton.

For kort tid sidan pensjonerte Kjær seg. Han flytte frå Oslo tilbake til heimbyen og trappa opp skriveaktiviteten. Då stod *Veslekari* av Vartdal for tur. Kjær drog meg inn i arbeidet med artikkelen, og vi fekk hjelp med finpuss av akademisk engelsk frå briten Nicholas Tyler. Han er førsteamanuensis i biologi ved universitetet i Tromsø og for tida leiar i Arktisk Forening. Vi reknar med at det meste av innhaldet i artikkelen er kjent for det ishavshistorisk interesserte publikum på Sunnmøre. Skuta si historie er godt kjend, ikkje minst gjennom Einar S. Ellefsen og Odd Berset si bok som ber skuta sitt namn. Boka var ei viktig kjelde for arbeidet med artikkelen. I tillegg fekk vi hjelp frå ei rekke personar som hadde informasjon om skuta og mannskapet.

Vi vil vi gjerne takke desse personane som på ulike måtar har hjelpt oss: Magnar Aklestad, Ellen Cathrine Andersen, Ann Kristin Balto, Olav Barstad, Arnljot Brandal, Bernt A. Brandal, Ruben J. Brandal, Bjørn Gunnar Brodersen, Sigmund Bøe, John Giæver jr, Edvard Hole, avdøde Henrik Landmark, Webjørn Landmark, Trond Myrvold, avdøde Einar P. Olsen, avdøde Johan Olsen jr, Fred Inge Presteng, Lidvar Rise, Paul Røer, Anders K. Strand, Tore W. Topp, Nicholas Tyler, Kjell Werenskiold, Helge Ødegård, Brit Aanning Aarseth og Aage Aarseth.

Magnus Sefland



Kjell G. Kjær (tv) og Alester Hansen



"Veslekari" forliser

## Meir om "Han Thorsen"

"Isflaket" nr. 1 har ein fin artikkel om Olav Toresen Nedreliid . For meg var der mykje kjent stoff. Far var flere turar på makrellfiske om bord på "Elida" der "Torsen" var eigar og skipper.

I artikkelen står der at Toresen utrusta ein fangstekspedisjon til Svalbard , Toresen utrusta ein slik ekspedisjon til Jan Mayen. Nå lurer eg på han også hadde slik ekspedisjon til Svalbard.

Eg stel litt frå Susann Barr si bok Jan Mayen. Eg tek med frå 1920 -1921.

Det var faktisk to grupper på Jan Mayen denne sesongen. Olav Nedreliid, Hjørungavåg, brakte også Sunnmøre på banen og sendte oppover en ekspedisjon på tre mann, Martin og Peder Sulebak og Erling Frostad. De brukte trolig Haugen hytta og fangstet sørøver fra denne (Lønø 1974:88-89). Denne gruppen ble på øya i seksten måneder og hadde en utmerket vinter. De fikk 77 blårev, derav 13 levende og 11 hvitrev derav 1 levende (Aftenposten 3.10 1921).

Alle som var på Jan Mayen sommeren 1921 ble på en eller annen måte involvert i "krigen" mellom Jacobsen og Ekerold, så også disse tre. Da Ekerold ankom for å etablere radiostasjonen, hjalp de til lossingen og havnet således på han side . De fikk følge hans båt "Isfuglen" tilbake til Norge månedsskifte september / oktober 1921.

En samlet fangst på 156 rev var utrolig bra etter den store utrensningen 1917-18. Men dette var siste gang. De følgende sesongene ble det aldri tatt mer enn 60 stykker, og ved slutten av 1920 årene gikk fangsten sterkt tilbake. Fangsten på øya ble regulert etter Norges suverenitetsovertagelse i 1929.

Så langt Susann Barr.

Langesund 19.03.2005.

Helge Ødegård

## Ishavskjerringa vert avduka 18. juni.

**Komiteen for reisinga av eit monument for Ishavskjerringa er snart komne i  
mål med eit stort og viktig arbeid. Laurdag 18. juni skal skulpturen over  
Ishavskjerringa avdukast ved Ishavsmuseet.**

**Den høgtidlege avdukinga skjer kl 1500  
Museet er ope som vanleg kl. 12 - 17.**

**Frå kl. 1400 blir det høve til å kjøpe seg middag på museet. Denne dagen er  
det Bacalao som står på menyen. Ein ikkje ukjent middagsrett for "Ishavskjerringa"  
som tørka mykje torsk på sjøbuene og på berga i distriktet.  
Det vert eit godt og variert program denne ettermiddagen.  
Ta turen til Ishavsmuseet.**

## **Frå Vesterhavet sitt forlis i 1939.**

**Av Havtor Hofset**

Som eldre folk enno kan hugse, var det mykje storm og uvêr første halvår i 1939. Det fekk selfangstskutene på veg til fangstfeltet ved New Foundland merke i slutten av februar. Men også skutene til Vesterisen fekk føling med uvêret litt seinare på våren.

Dei som fekk mest omtale i avisene var newfoundlandsskutene "Polarbjørn" og "Polaris" som redda mannskapet på "Saltdalingen" og ikkje minst Svenska Amerikalinjens "Drottningholm" som berga mannskapet på "Isfjell" i den forrykande orkanen. Ishavsskuta "Nyken" forliste også, og alle om bord miste livet. Skuta som liksom "Saltdalingen" høyarde heime i Gratangen, hadde eit mannskap på 18.

Vesterisskutene hadde også ein hard tørn på oversiglinga dette året der tre skuter forliste. Det var to fra Sunnmøre, nemleg "Vesterhavet" fra Brandal og "Vestad" fra Vartdal, og "Heimland I" fra Tromsø. Mannskapet på alle tre skutene vart berga. Det forliste to skuter til i stormen. Det var "Polar" og "Vikfjeld". Der gjekk alle mann med.

Om natta 19. mars fekk "Vesterhavet" ein svær brotsjø over seg, skansekledning og fleire rekkestötter på babord side vart avslagne og dollbordet svikta. På styrbord side var dekket delvis oppslege. På same side var båtdekket slite laust frå keisinga og hang etter fremste vinkeljarnet. Forriggen var skada. Det oppstod store lekkasjar, sjøen fossa inn i lasterom og maskinrom. Bunkerskola som var i lasteromet kom ned i lensebrønnane og tetta lensesystemet.

Fyrbøtaren Sigmund Brandal dukka ned i lensebrønnen og fekk snudd eller bøygt lenserøret slik at dei fekk lensinga i gong att. Dei kunne no halde det gåande nokre timer til. Men så kom ein ny brotsjø som fylte maskinrommet og sløkte fyren på kjelen. Då var det ikkje anna å gjere enn å prøve å forlate skuta. Men det var så därleg vær at dei venta til det lysna av dag før dei gjekk frå borde.

Lykka var at "Vesterhavet" hadde fått ny radiosendar dette året. Det same hadde "Flemsøy" som i tillegg hadde peileapparat. Det var det ikkje mange som hadde den gongen. Derfor kunne "Flemsøy" peile inn og finne "Vesterhavet" når dei prata i radioen.

Av skutene som kom til hjelp, var det utanom "Flemsøy" også "Fangstmand" og "Rundø" som tok seks mann kvar. "Flemsøy" tok fire mann.

Av mannskapet på "Vesterhavet" var desse frå våre bygder: Skipper Nils L. Brandal, 1. skyttar Johannes Mur Brandal og fyrbøtar Sigmund Brandal, frå Brandal. Frå Hareid kom maskinist Ole Brobakk og fangstmann Reidar Nesset. Frå Stadtlandet kom fangstmennene Oskar, Bernhard og Johannes Kvernevik.



*Mannskapsbilete frå turen i 1939.*

## Visa om "Idræt" sitt forlis i 1905.

Isflaket trykkjer gjerne viser med emne frå ishavet. Sidan det er hundre år sidan "Idræt" frå Brandal forliste på fangsfeltet, høver det godt å ta med denne visa.

Skøyta var på selfangst for første gong i 1905 og forliste på andre turen sin. Der var eit mannskap på ni om bord. Dei vart berga 21. juli av kvalfangaren "Scottai" frå Dundee. Karane hadde vore 17 dagar i småbåtane.

Ein av dei som var med "Idræt", har skrive ei vise om forliset. Om vi ser på første bokstaven i kvart vers eller strofe nedover, ser vi at det er Ludvig Aamelfot som er forfattaren. Visa lyder slik:

Langt borte fra hjemmet,  
i tåke, sne og is.  
Jeg skrive vil en vise,  
om end på simpelt vis  
og søke att fortelle,  
om "Idræt"s forlis, og  
om de triste dage,  
vi lå på villmannsvis.

Usalig var den time,  
usalig var den stund,  
vi lettet våre ankre,  
på gamle Norges-grund.  
Det var den fire og tyvende,  
en Juni-morgen skjøn,  
og modet var nok freidig,  
skjønt vemoed lå i løynd.

Det glitred i fjorden  
av prektig solskinver,  
og sagte bort vi førtes,  
for alle våre seil.  
Vi gledet oss i håpet,  
for gunstig vind at få,  
i tankene vi mandede,  
det land vi skulle nå.

Vi hurtig kurser satte,  
det var en nord til vest,  
og seilene vi strakte,  
som vi det kunde best.  
Så lenset vi for vinden,  
en syv a åtte dage,  
da var vi også fremme,  
thi is vi så i øst.

I fire dage vi kryssende,  
i isen ut og ind,  
indtil vi etter kunde,  
få riktig fyldig vind.  
Mot målet kurser sattes,  
og det var Grønlands kyst,  
og modet etter vokste  
uti våre bryst.

God vind vi ikke manglet,  
den var kun altfor kort,  
en veldig storm sig reiste,  
den var fra ost nordost.  
Dertil den tykke tåke,  
den gjorde også sitt,  
og hurtig fart i isen,  
der trengtes lidt om lidt.

Av alt vi modig kjempede,  
mot storm og sne og is,  
vi ei oss kunde klare,  
og det blev vårt forlis.  
Med skrekk vi nu i møde  
så, den skjebnesvandre stund, da  
skibet skulde knuses, og gå til  
havets bund.

Akk hvilken sørgeelig skjebne,  
akk hvilken skreklig nød,  
her stod vi nu så fattige,  
for uten hus og brød,  
hvor med vi kunde mette,  
oss i den store nød,  
vi så for vårt øye,  
en tung og langsom død.

Mens tåken sakte lettet  
et nødsignal blev heist,  
nu manglede oss husly,  
derfor et telt blev reist.  
Og under en av båtene,  
vårt sovested vi fant,  
og etter vår omstendighed  
vi fikk det rett galant.

En morgen løyet vinden,  
og glad var alle mand,  
vi samlet våre saker  
i ydderst dårlig stand.  
Og alle oss indskibet  
i båtene de små  
for videre mot målet

vi sammen skulde nå.

Langt borte mot det fjerne,  
vårt eneste håb var vendt,  
og mange varme bønner,  
mot himmelen blev sendt.  
Om snart at blive reddet,  
fra denne store nød,  
og lengselsfullt vi skuet  
omkring oss efter brød.

Fremad hurtig gikk det,  
thi vinden den var god,  
men snart fik det en ende,  
for isen var i mod.  
Vi måtte etter vende,  
mot åpent hav at gå,  
og dermed minket håbet  
om redning at opnå.

Om kvelden som vi seilede,  
den syttende dag derpå,  
beskrive her vår glede.  
Jeg aldrigen formå.  
Et skib seg hurtig nærmede,  
vi taget blev ombord,  
på beste måte pleiet,  
som av vår far og mor.

Tilslutt vil jeg nu takke,  
vår modige kaptein.  
Jeg og en takk vil sende  
til mine redningsmænd.  
I fall I skulde ønske  
mitt navn at vide få,  
I vil det også finde  
langs visens rand at stå.

(Kjelde for denne artikkelen er  
boka "Ishavsskuter", B.1 av Johan  
Ottesen.)

## **Fangstfolk.**

Av Ola Jarle Bigset

Kjært barn har mange namn. og dei unge gutane som var mannskap på ishavsskutene vart kalla ishavsgastar – fangstfolk – skårungar – og piselestjagarar. Selungane vart kalla piselestar.

Det vart fortalt om ein ishavsskipper ute i Herøy ein stad, som heldt tale på ein sanitetsbasar. Emnet var selfangst , og han avslutta talen med dialekta si slik : -*og soleisine heve mong ein piselest måtte late live for kvinnfolka si pøyntesykje.*

Før hundreårskiftet var det sørlandingane som dreiv fangst i Vestisen. Dei var helst frå byane Sandefjord, Tønsberg og Larvik. Men også andre land var med. Dei hadde store stimbarkar med 60 manns besetning. Fritjof Nansen var med stimbarken " Viking" i 1882. Fritjof Nansen syntest at ishavsgastane var ein eigen rase. Dei sette byen på ende når dei reiste på tur og også når dei kom heim. Han likte dei godt. Dei var dyktige, hjelsame og greie å vere saman med. Dette kan vel vi på Sunnmøre også vedkjenne oss litt av. Dei åra skutene dreiv fangst i Kvitsjøen, stoppa dei alltid i Tromsø. Dei fleste hadde damp-maskin og måtte fylle etter med kol. Det vart sagt at tromsøjentene såg fram til at sunnmørsskutene kom med alle dei kjekke unggutane. Og dei vart sikkert ikkje skuffa.

Men av og til gjekk det litt for langt for enkelte, og då måtte dei sove ut i fyllearresten, som den tida vart kalla Sunnmørsheimen.

Det var både interessant og lærerikt for ein unggut som ikkje hadde vore ute i arbeidslivet å få vere med på selfangst. Det tok vel til for guten då han stod på dekk med ein klump i halsen og høyrde skuta fløyte tre lange støyt når dei forlét Brandal.

Før krigen var det vanskeleg å få seg arbeid, og då var ishavsskutene ofte redninga. Yrket passa også godt for unge spreke gutter, men fortenesta var ofte lita. Ofte reiste dei som halvlutingar. På dei store fiskebåtane var det vanskeleg å få plass, der var det mest eldre familiefolk. Så dei fleste av dei hadde rekruttskulen frå ishavsskutene.

Spør du ein eldre mann som i sin ungdom hadde drive fangst på ishavet om korleis det var, så vil han svare at det var eit fint liv og at han har mange gode minner derifrå. Og kanskje legg han til at han kunne tenkt seg ein tur.

Etter siste krigen vart det andre forhold. Då vart det pengar å tene på turane, og det vart det forandring i mannskapssamansetninga No ser det ut for at ishavs næringa kan ta seg opp igjen, og det får vi inderlig håpe.

---

## **Ei isbjørnhistorie.**

Av Helge Ødegård

På Stredeturen i 1952 skaut vi to isbjørnar. Den første var eldgammal, tennene var nesten nedslitne og kjøtet seigt som skosolar. Stuerten kava og skulle lage kjøtkaker av dette kjøtet, men det var eit slitt å få kjøtet gjennom kjøtkverna. Stuerten mol litt flesk saman med dette kjøtet og då vart ikkje kjøtkakene så aller verst. Frambeina hang under galgedekk. Det var nesten nifst å sjå kor dei likna på hendene til eit menneske. Den andre bjørnen vi fanga var ung.

## Ei verftshistorie om "Signalhorn".

Av Havtor Hofset

Skuta gjekk gjennom ei større ombygging og forlenging ved Hatlø verksted A/S våren 1934. Rorhus og keising var nye. Skuta var no 99,3 fot lang, 21,4 fot brei og 8,9 fot djup, 107,26 bruttotonn og 33,70 nettotonn.

Dampmaskinen vart skifta ut med ein 150 hk Wichmann dieselmotor. På prøveturen gjorde skuta 9,5 knop. Kolbaksane vart tekne ut og nye dieseloljetankar måtte lagast, ein på kvar side i maskinrommet. Dette var ein krevjande jobb. Tankane måtte lagast slik at dei følgde kurvaturen i skutesidene. Og inn mot maskinrommet måtte sidene vere loddrette. Det var før sveising og brenning var teke i bruk.

Stålplatene måtte klippast, tilpassast og så klinkast saman. Hol for naglane måtte borast og så "brotsjast" saman. Dei måtte vere heilt tette. Ein kar som heitte Nykrem fekk jobben som bas. Han fekk med seg to læregutar, Karsten Grønmyr (Krasin) og Magne Hofset (Bussi). Desse to ungdomane arbeidde på verftet for å få verkstadtida si for seinare å bli maskinistar. Det var lite maskinarbeid på denne tida og derfor måtte dei vere med på ein del stålarbeid.

Og Nykrem var fullrøynd fagmann i stålarbeid. Han hadde til og med vore i Amerika og lært seg faget. Dessutan snakka han austlandsdialekt.

Karane gjekk til arbeidet med stor lyst og pågangsmot. Etter fleire dagars arbeid med kapping og tilpassing av platene, vart dei tekne om bord for endeleg tilpassing. Men då viste det seg at det glipte minst ein halv meter mellom tanken og skutesida.

Då kalla Nykrem til seg læregutane og sa: - Jeg går hjem jeg gutter. Han så gjorde. Men etter to dagar kom han på arbeid att. Då hadde han klart for seg korleis dei skulle kome frå det med æra i behold. Dei fekk det til. Og tankane vart tette og fine.

Og med dieselmotor kunne skuta rekke over store område utan å bunkre. "Signalhorn" var allereie same året - i 1934 - på ein vitskapleg ekspedisjon til Grønland. Ekspedisjonen var leia av Edward Shackleton, son av den kjende britiske polareventyraren Sir Ernst Shackleton. "Signalhorn" var også på kvalrossfangst nord for Disko-øya på Vest-Grønland før siste krig.



Mannskap på "Signalhorn" på kvalross Fangst i 1939.



"Signalhorn" ved storebuda i Brandal 1939.

# B

PORTO  
BETALT  
P.P  
AVTALE  
**617108/7**

## Helsing til Isflaket.

Isflak nr 2 for året ligg føre, og sommaren er her.

Fint summarvêr har vi ikkje hatt her på Sunnmøre enno i år, men slik er det vel når ein bur mot vest, i eit av verdas kaldaste land. Ein får lære seg å leve med veret slik det er dersom ein skal trivast her, og det klarer vi bra, dei fleste av oss.

Om ikkje veret er så godarta om dagen, så har vi mykje anna å gle oss over, vi som interesserer oss for museet. Ishavsmuseets Venner gler seg over Ishavskjerringa, Polaristønna og Vernebygget over Aarvak, som er omtala andre stadar i dette bladet.

Foreininga har fått lov til å bidra, både med pengar og praktisk arbeid. Det er nettopp slik foreininga skal fungere etter vårt syn.

Vi har det høgaste medlemstalet i foreininga si historie, og gler oss over det, samstundes som vi ynskjer oss endå fleire. Vi gjer oss derfor så fri at vi legg ved innbetalingsgiro til dei som enno ikkje har betalt kontingensten for 2005, i håp om å få nokre innbetalingar til. Kontingensten er foreininga si største inntektskjelde. Medlemmane får eit unikt "Polarblad" for medlemsskapet, samstundes som den set oss i stand til å støtte forskjellige gode prosjekt ved museet.

På årsmøtet i mars fekk Ishavsmuseets Venner dette styret;

Leiar Johan Ole Brandal, kasserar Tor Riise, sekretær Hans Petter Brandal, styremedlem Ragnhild Overvåg og Jan Bigset. Vara Oddfrid Brandal Kleppe og Ottar Brandal.

Internettsida vår er oppdatert, og her finn du også den elektroniske versjonen av Isflaket frå nr 4-2000 og fram til i dag. Adressa er: <http://home.no.net/ishavsmv/>

Med dette takkar eg for meg, og ynskjer God Sommar til alle.

Johan Ole Brandal

Leiar i Ishavsmuseets Venner

---

Denne utgåva av Isflaket er utgitt med støtte frå:

**BYGGMANN**

Svært godt utval i trelast, flis,  
byggvarer og innreiling!  
Total-leverandør av bolig.

**TOTAL-BYGG**

Telefon: 70 09 39 45  
firmapost@total-bygg.no • www.total-bygg.no

Kontakt oss for gode tilbod, eller besøk oss i våre  
lokaler sentralt i Hjørungavåg!